



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Hovudutval for samferdsle

**Møtedato:** 24.11.2015

---

**Sak nr.:** 15/11758-3

**Internt l.nr.:** 51222/15

**Sak:** 41/15

**Tittel:** Revisjon av reglementa for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala m.m.

**Behandling:**

**Frå Fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Reglementet for fylkestinget vert vedteke i samsvar med vedlegg 1.
2. Reglementet for sakshandsaming i politiske utval vert vedteke i samsvar med vedlegg 2.
3. Reglementet for fylkesutvalet vert vedteke i samsvar med vedlegg 3.
4. Reglementet for hovudutvalet for næring og kultur vert vedteke i samsvar med vedlegg 4.
5. Reglementet for hovudutvalet for samferdsle vert vedteke i samsvar med vedlegg 5.
6. Reglementet for hovudutvalet for opplæring vert vedteke i samsvar med vedlegg 6.
7. Reglementet for folkevalde sin innsynsrett vert vedteke i samsvar med vedlegg 7.

**Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt:**

Endring i reglement for hovudutval for samferdsle §1

Minst eitt medlem skal vere medlem av Fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ei mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå Fylkesutvalet i dei ulike utvala.

**MDG sette fram slikt framlegg til nytt punkt:**

§2 Hovudarbeidsområdet for Hovudutval for samferdsle er å koordinere og utvikle heilskapleg samferdsle i Sogn og Fjordane etter gjeldande lovverk (som blir konkretisert)

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med nytt punkt frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke. Framlegget frå MDG fekk to røyster, Stein Malkenes og Gunnhild Berge Stang, og fall.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Reglementet for fylkestinget vert vedteke i samsvar med vedlegg 1.
2. Reglementet for sakshandsaming i politiske utval vert vedteke i samsvar med vedlegg 2.
3. Reglementet for fylkesutvalet vert vedteke i samsvar med vedlegg 3.
4. Reglementet for hovudutvalet for næring og kultur vert vedteke i samsvar med vedlegg 4.
5. Reglementet for hovudutvalet for samferdsle vert vedteke i samsvar med vedlegg 5.  
Endring i reglement for hovudutval for samferdsle §1  
Minst eitt medlem skal vere medlem av Fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ei mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå Fylkesutvalet i dei ulike utvala.
6. Reglementet for hovudutvalet for opplæring vert vedteke i samsvar med vedlegg 6.
7. Reglementet for folkevalde sin innsynsrett vert vedteke i samsvar med vedlegg 7.